



Møtebok for Formannskapet i Radøy

Møtedato: 08.11.2018
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 09.00

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Ordførar
Jostein Borlaug	AP	Varaordførar
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Christel Villanger Håland	H	-

Det møtte 6 av 7 medlemmar i formannskapet.

Andre møtande:

Rådmann Jarle Landås, økonomisjef Sveinung Kvamme i sak 074, leiar teknisk forvaltning
Tonje Nepstad Epland i sak 075, arealplanleggar Rolf Raknes i sak 075, rådgjevar kultur
Bente K. Hervik i sak 074, møtesekretær Arthur Kleiveland

Underskrifter:

Jon Askeland
Ordførar

Arthur Kleiveland
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
071/2018	Søknad om støtte til deltaking i Brass in Concert i Newcastle
072/2018	Søknad om støtte til haustversjonen av showet "Norsk på norsk"
073/2018	Vurdering av leigeprisar for halltid i Radøyhallen for born og unge
074/2018	Budsjett 2019
075/2018	Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy kommune - temarevisjon - vedtak om 1. gongs høyring og offentleg ettersyn
076/2018	Evaluering etter uveret Helene
077/2018	Meldingar og referatsaker

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
071/2018	Formannskapet i Radøy	PS	08.11.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	18/36	18/15608

Søknad om støtte til deltaking i Brass in Concert i Newcastle

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Manger musikklag søker om kr 20 000 i reisestøtte til deltaking i Brass in Concert i Newcastle 16.-19. november. Brass in Concert er ein programkonkurranse for hovudsakeleg britiske brassband med fokus på nyskaping og underhalding. I år har Manger Musikklag vorte invitert som eit av få utenlandske brassband i denne konkurransen. Budsjettet for turen er ca. kr 230 000.

Vurdering

Å delta på konsertar og konkurransar i utlandet er viktig for utvikla og oppretthalda det musikalske nivået i korpsset, men det er kostnadskrevjande å reisa på slike turar både for korpsset og kvar einskild musikant. Denne turen kostar kring 4000 kroner per medlem, og i tillegg må turen finansierast med mellom anna dugnad.

Rådmannen vurderer søknaden etter retningslinene for kulturmidlar i Radøy kommune.

Retningslinene seier at tilskot kan gjevast til lag, foreiningar og organisasjonar som har sitt virke i Radøy kommune, og aktivitets- og prosjektstøtte kan gjevast til opne kulturarrangement og -prosjekt. Søknaden fell dermed inn under kriteria for kva som kan støttast.

I følgje retningslinene skal tiltak som gjeld born og unge og menneske med nedsett funksjonsevne prioriterast. Manger musikklag har få medlemmer under 20 år. Søknaden må også sjåast i lys av at Manger skulemusikklag i 2017 fekk 15 000 kroner i støtte til si EM-deltaking. Manger skulemusikklag hadde på det tidspunktet 46 medlemmer under 20 år som alle var busette i kommunen. I tillegg har eit skulekorps behov for eit større støtteapparat av foreldre og føresette med på turen.

Manger musikklag i 2017 fekk 10 000 kroner til deltaking i WMC. Rådmannen meiner at det er naturleg at kommunen bidrar med støtte på same nivå som sist og foreslår at Manger musikklag får kr 10 000 i støtte til deltakinga i Brass in Concert.

Saka har vore til uttale hjå Radøy musikkråd. Dei meiner Manger musikklag bør få kr 20 000 i støtte frå kommunen til deltakinga i Brass in Concert. Dei argumenterer med at konsertar og konkurransar i utlandet er viktig for utvikle det musikalske nivået og behalda det gode renommeeet internasjonalt.

Konklusjon

Rådmannen meiner at det er naturleg at kommunen bidrar med støtte på same nivå som då dei

deltok i WMC i 2017 og foreslår at Manger musikklag får kr 10 000 i støtte til deltakinga i WMC.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Manger musikklag får kr 10 000 i støtte til deltaking i Brass in Concert 19.-21. oktober 2018.

Formannskapet i Radøy - 071/2018

FS - handsaming:

Formannskapet drøfta saka.-

Else Marie Skartveit Dale (KrF) sette fram følgjande framlegg:

Manger musikklag får kr 15 000 i støtte til deltaking i Brass in Concert 19.-21. oktober 2018.

Formannskapet vedtok Skartveit Dale sitt framlegg.

FS - vedtak:

Manger musikklag får kr 15 000 i støtte til deltaking i Brass in Concert 19.-21. oktober 2018.

Vedlegg:

Søknad om reisestøtte - BiC

Søknad - BiC 2018 - Manger Musikklag

BiC-MML-2018

Uttale frå Radøy musikkråd

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
072/2018	Formannskapet i Radøy	PS	08.11.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	18/36	18/15637

Søknad om støtte til haustversjonen av showet "Norsk på norsk"

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Hordabø skulemusikklag søker om kr 25 000 i prosjekt- og aktivitetsstøtte til haustversjonen av showet «Norsk på norsk» i Hordabøhallen søndag 21. oktober.

Vurdering

Hordabø skulemusikklag sine førestillingar der ein kombinerer korps, band og solistar er ein flott måte å gje musikantane utfordringar og å nå ut til eit breitt publikum. Showa som Hordabø skulemusikk plar å ha nokre gonger i året, har vorte eit varemerke for korpset og trekkjer eit stort publikum.

I retningslinene for kulturmidlar i Radøy kommune står det at tilskot kan gjevast til opne kulturarrangement og -prosjekt, og til innkjøp av utstyr. Arrangement og prosjekt som er nyskapande, vert prioriterte, og tilskotet skal vera behovsprøvd. Vidare står det at tiltak som rettar seg mot born og unge og menneske med nedsett funksjonsevne skal prioriterast.

I søknaden viser korpset til inntekter på kr 15 000 og utgifter på 39 000, inkludert 16 000 til instruksjon. Rådmannen meiner at ein i hovudsak bør sjå vekk frå utgifter til instruksjon i budsjettet, då faste øvingar er kjernen i drifta av laget og noko laget får støtte til gjennom driftsmidlar.

Hordabø skulemusikklag fekk kr 5 000 i støtte til showet dei oppførte i 2017. Rådmannen meiner det er naturleg at dei får eit tilsvarande tilskot til dette showet.

Radøy musikkråd og Radøy ungdomsråd har hatt saka til uttale. Ungdomsrådet meiner søknaden er god, og at ein bør gje eit tilskot på kr 7000. Radøy musikkråd stiller spørsmål i kva grad showet er nyskapande i og med at det er gjort tidlegare. Dei foreslår at det vert gjeve ein underskotsgaranti på kr 5 000.

Konklusjon

Etter retningslinene skal tiltak retta mot born og unge prioriterast. Rådmannen meiner difor at Hordabø skulemusikklag bør få eit tilskot på kr 5000 til gjennomføring av haustversjonen av showet «Norsk på norsk»

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Hordabø skulemusikklag får kroner 5 000 i tilskot til gjennomføring av haustversjonen av showet

«Norsk på norsk».

Formannskapet i Radøy - 072/2018

FS - handsaming:

Formannskapet framheva den flotte jobben Hordabø skulemusikklag gjer med sine show.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) sette fram følgjande endringsframlegg:

Hordabø skulemusikklag får kr 10 000 i tilskot til gjennomføring av haustversjonen av showet «Norsk på norsk».

Formannskapet vedtok Skartveit Dale sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Hordabø skulemusikklag får kr 10 000 i tilskot til gjennomføring av haustversjonen av showet «Norsk på norsk».

Vedlegg:

Radøy Kommune show 21.10.18 søknad

SV Søknad om støtte til Show 21.10(192983)

Uttale musikkrådet - Show Hordabø 2018

Uttale ungdomsrådet

Retningslinjer for kulturmidlar i Radøy kommune_ny versjon – vedtatt

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
073/2018	Formannskapet i Radøy	PS	08.11.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	18/2413	18/15204

Vurdering av leigeprisar for halltid i Radøyhallen for born og unge

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I møte i formannskapet 4. oktober sak 060/2018 bad formannskapet om å få ei sak om leigesatsar for aktivitetar for born og unge i Radøyhallen der leigesatsane i dei to andre Alver-kommunane var klarlagt. Å vurdere gratis halltid i Radøyhallen for aktivitetar for born og unge i regi av lag og organisasjonar er også eit av tiltaka i handlingsplanen i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø.

Vurdering

Idrettsrådet har fleire gonger spelt inn til kommunen at dei meiner kommunen bør vurdere gratis halltid i Radøyhallen for born og unge. Bakgrunnen for dette er at idrettslaga melder om at det påfører laga store utgifter som dei slit med å dekkja. Nokre lag har også i periodar vald å nytta gymsalar på barneskular eller idrettshallen på Sæbø skule i staden for Radøyhallen for å redusere leigeutgiftene. Idrettshallen på Sæbø skule er gratis å nytta til aktivitetar for born og unge i regi av lag og organisasjonar, medan gymsalane på skulane er gratis for alle aktivitetar i regi av lag og organisasjonar i Radøy kommune.

Det er kommunestyret som fastset prisane på utleige av kommunale bygg i samband med budsjettet. For Radøyhallen fastset kommunestyret det generelle prisnivået, medan administrasjonen utarbeider detaljert prisoversyn (sjå vedlegg). Fram til no har kommunen hatt reduserte satsar for lag og organisasjonar i Radøy kommune både i idrettshallen og i sømjehallen, medan private aktørar og leigetakarar frå andre kommunar har måtta betala full pris. Det har ikkje vore reduserte satsar for aktivitetar for born og unge i Radøyhallen.

Idrettshallen i Radøyhallen er leigd ut fast til lag og organisasjonar kvar dag med unntak av laurdagar. Idrettslaga har faste faste aktivitetar for born og unge i hallen måndag-onsdag og fredag. Dette gjeld i all hovudsak Radøy/Manger fotballklubb, men i tillegg har Manger idrettslag si handballgruppe treningar kvar tysdag.

Totalt sett er idrettshallen leigd ut til faste aktivitetar for born og unge i regi av lag og organisasjonar for kr 3471 kroner per veke. Dette svarar til kring 140 000 i året ved 10 månader med aktivitet.

25-meters bassenget er leigd ut til Radøy symjeklubb fire timar kvar måndag og onsdag. I tillegg brukar sømjeklubben terapibassenget i Radøyhallen éin time kvar måndag. Dette utgjør kr 2356 for kvar veke, eller kring 80 000 kroner per år (9 månader med aktivitet).

Timar som vert avbestilt, eller der hallen ikkje kan nyttast, vert ikkje belasta leigetakar. Totalt vart det fakturert for kring 210 000 for faste aktivitetar for born og unge i 2017. Turneringar og arrangement

som Manger cup og Mangerfestivalen kjem i tillegg.

Lindås kommune har fleire kommunale hallar som kommunen fastset leigeprisar for. Lindås kommune har ulike prisar for lag og organisasjonar og kommersielle aktørar. Faste aktivitetar for born og unge (0-19 år) er gratis. Det vil i praksis seia alle treningar, seriekampar og turneringar som kjem i staden for seriespel som t.d. miniturneringar for dei minste. Alle andre turneringar og einskildarrangement må laga betala for, sjølv om det er arrangement for born og ungdom. Lindås kommune gjev ikkje rabattar på halleige, men arrangørar kan søkja kultureininga om tilskot til arrangement.

Meland kommune har ikkje kommunale hallar som dei fastset leigeprisar for. I Meland kommune er den einaste større idrettshallen Meland aktiv, som er eigd og drifta av ei eiga stifting som mottar fast støtte frå Trond Mohn. Mellom anna Kvernbit IL og Nordre Holsnøy idrettslag har faste leigeavtalar i hallen som inkluderer mellom anna faste treningstider, turneringar og kontor- og lagerplass.

Bergen kommune har gratis leige av kommunale idrettsanlegg for idrettslag i Bergen kommune som er tilslutta Norges idrettsforbund innanfor vedtatte reglar og faste rammetider. Dette gjeld aktivitetar både for born og vaksne. Rammetider vil seia tidsrom i vekedagar og helgedagar der idrettsanlegg er stilt til vederlagsfri disposisjon for idrettslag og klubbar som er tilslutta idrettsrådet i Bergen. For stevner, turneringar og kampar som ikkje er ein del av regionen eller kretsen sitt offisielle serie-, cup eller stevneprogram må laga betala leige. Gratis leige gjeld også sømjehallane.

Rådmannen meiner at Radøy kommune bør innføra ei tilsvarande ordning for leigeprisar som Lindås kommune har for sine kommunale anlegg med gratis leige for aktivitetar for born og unge for å sikra idrettslaga i dei to kommunane meir like vilkår. Rådmannen meiner at det bør presiserast at ordninga skal gjelda lag og organisasjonar i Radøy kommune som er tilslutta Radøy idrettsråd, og at det skal gjelda faste treningar og i tillegg arrangement som er ein del av regionen, kretsen eller idrettsforbundet sine terminfesta stevner, seriespel og turneringar. Laga bør betala leige for kampar, stevner, turneringar og einskildarrangement som kjem i tillegg til dei terminfesta arrangementa.

Administrasjonen har vore i kontakt med Hordabø idrettslag, som opplyser at dei har få eller ingen faste leigetakarar i Hordabøhallen utanom sitt eige lag, og dei vil såleis ikkje tapa leigeinntekter om Radøyhallen vert gratis for aktivitetar for born og unge i regi av lag og organisasjonar i Radøy kommune.

Innføring av ei slik ordning vil gje Radøy kommune tapte leigeinntekter på om lag 200 000-300 000 kroner per år.

Saka har vore til høyring hjå Radøy ungdomsråd og Radøy idrettsråd. Radøy ungdomsråd støtta framlegget om gratis halleige i idrettshallen og sømjehallen for born og unge. Radøy idrettslag støttar også framlegget frå rådmannen, men ber om at skyttarlaget sin avtale når det gjeld aktivitet for born og unge vert vurdert.

Radøy skyttarlag betaler 30 000 kroner per år i leige for skytebana i Radøyhallen, og disponerer då heile anlegget sjølv. Denne summen har stått fast langt tilbake i tid. Rådmannen meiner dette er ein heilt annan type avtale om leige enn det som gjeld idrettshall og basseng og må difor vurderast for seg.

Konklusjon

For å gje idrettslaga i Radøy kommune meir like vilkår som lag i Lindås kommune, rår rådmannen til at Radøy kommune innfører gratis leige i idrettshallen og bassenga i Radøyhallen for idrettslag

tilknytta Radøy idrettsråd for aktivitetar for born og unge (0-19 år). Gratis leige bør gjelda faste treningar, og i tillegg arrangement som er ein del av regionen, kretsen eller idrettsforbundet sine terminfesta stevner, seriespel og turneringar. Turneringar, stemner og einskildarrangement som kjem utanom dei terminfesta aktivitetane, bør fakturerast.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune innfører gratis leige i idrettshallen og bassenga i Radøyhallen for idrettslag tilknytta Radøy idrettsråd og for aktivitetar for born og unge (0-19 år). Gratis leige gjeld faste treningar, og i tillegg arrangement som er ein del av regionen, kretsen eller idrettsforbundet sine terminfesta stevner, seriespel og turneringar. Turneringar, stemner og einskildarrangement som kjem utanom dei terminfesta aktivitetane, skal fakturerast etter gjeldande satsar.

Formannskapet i Radøy - 073/2018

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Radøy kommune innfører gratis leige i idrettshallen og bassenga i Radøyhallen for idrettslag tilknytta Radøy idrettsråd og for aktivitetar for born og unge (0-19 år). Gratis leige gjeld faste treningar, og i tillegg arrangement som er ein del av regionen, kretsen eller idrettsforbundet sine terminfesta stevner, seriespel og turneringar. Turneringar, stemner og einskildarrangement som kjem utanom dei terminfesta aktivitetane, skal fakturerast etter gjeldande satsar.

Vedlegg:

Leigesatsar Radøyhallen

Uttale frå Radøy idrettsråd

Vurdering av leigeprisar for halltid i Radøyhallen for born og unge

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
074/2018	Formannskapet i Radøy	PS	08.11.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	18/1479	18/15816

Budsjett 2019

Saksopplysingar:

Rådmannen legg med dette fram første utkast til budsjett for 2019, med oppdatert økonomiplan for 2019 – 22 i form av eit eige dokument, som er vedlagt saka.

I dette utkastet er gebyrdelen ikkje teken med. Årsaka til dette er at det enno går føre seg utgreiingsarbeid knytt til samordning av gebyr innanfor sjølvkostområda mellom Lindås, Meland og Radøy.

Rådmannen legg til grunn at formannskapet drøftar framlegget slik det ligg føre, og at politiske innspel og føringar vert arbeidd inn i eit nytt budsjettframlegg til møte i formannskapet 22. november. Då vil også gebyrframlegg vera ferdig utarbeidd.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for drøfting.

Formannskapet i Radøy - 074/2018

FS - handsaming:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om framlegg til 2019-budsjettet, det siste i Radøy kommune si historie. Radøy-budsjettet for 2019 vil danna grunnlaget for budsjett for Alver kommune for 2020.

I 2019-budsjettet er det lagt opp til ei investeringsramme som er større enn nokon gong, og det skal etter planen lånast 120 mill. kroner. Økonomisjefen peika på at den kommunale lånegjelda er i ferd med å bli høg.

Samla rammetilskot og skatt i budsjettet aukar frå 292,5 mill. i 2018 til 300,5 mill. i 2019.

Økonomisjefen peikar på at den reelle veksten i overføringar og skatt er på 2,74 prosent, i realiteten mindre enn pårekna prisvekst på 2,8 prosent.

Rente- og avdragskostnadane aukar med ca 3 mill. kroner, noko som skuldast auka rentenivå og auka investeringsnivå.

Frie inntekter etter finanskostnadar aukar knapt to mill. frå 2018 til 2019.

Netto driftsresultat er negativt med 14,3 mill. kroner. Økonomisjefen forklarte dette med eingongskostnader i samband med omstillingar til Alver kommune, men også med behov for tiltak på ulike sektorar. Det blir betydelege meirkostnader knytt til heimebaserte tenester, meirkostnader i

samband med etablering av Nordhordland Brann og Redning, straumkostnader og pensjonskostnader aukar meir enn prisvekst, auka klassetal på Manger skule og bortfall av refusjon knytt til gjestelevar. Det vert også noko auka driftskostnader på SFO, og krava til bemanningsrom i barnehagane gir auka driftskostnader. Gratis bruk av Radøyhallen for organiserte aktivitetar for born og unge inntil 19 år medfører mindre inntekter.

Botnlina viser likevel eit mindreforbruk på 145.796 kroner, på grunn av bruk av fond. Det vert henta 5,9 mill. frå tidlegare avsette fondsmidlar til omstilling, flyktning mv, 5 mill. frå fritt disposisjonsfond (havbruksfondet), og 3,5 mill. bundne sjølvkostfond (VA).

Rådgjevar kultur, Bente K. Hervik orienterte om planane for ein tursti frå Manger til Solendfjellet, ein tursti utanom trafikert veg som vil gjera endå meir attraktivt for fleire til å leggja turen til Tusenårsstaden. Ho peika på at dette er eit prosjekt som kan få spelemidlar.

Rådmann Jarle Landås orienterte om arbeidet med å styrka Radøy-biblioteket. I eit prosjekt knytt til Strilabiblioteket, der biblioteket i Radøy inngår, skal det no investerast i utstyr og maskiner til "automatisering" på biblioteket.

Formannskapet uttrykte honnør til rådmannen for hans budsjettframlegg. I formannskapet var både administrasjon og politikarar samde om og opptatt av at 2019-budsjettet vil peika fram til Alver kommune. Difor er formannskapet innstilt på å unngå driftsbudsjettpostar, som ikkje vil vara inn i den nye kommunen.

På bakgrunn av den første budsjettdrøftinga ser ordførar Jon Askeland mykje som tyder på eit ønskje om å finna fram til eit budsjettforlik.

Det vert no lagt opp til at gruppeleiarane i samtlege parti fram til formannskapet 22. november kan senda kortfatta budsjettspørsmål til økonomisjefen. Alle spørsmål og svar vert sendt til gruppeleiarane og medlemmane i formannskapet.

FS - vedtak:

Det vart ikkje gjort vedtak i denne saka.

Vedlegg:

Budsjett_2019_rådmannen

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
075/2018	Formannskapet i Radøy	PS	08.11.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tonje Nepstad Epland	14/276	18/13787

Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy kommune - temarevisjon - vedtak om 1. gongs høyring og offentlig ettersyn

Saksopplysingar:

Saka gjeld delrevisjon av Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23.

Formannskapet er styringsgruppe for planarbeidet og får i denne saka planframlegg til vedtak om 1. gongs høyring og offentlig ettersyn.

Plandokumenta er no i det vesentlege ferdigstilt, i tråd med signal frå styringsgruppa 04.09.18, FS-sak 045/2018. Sjå vedlagt arbeidsnotat.

Rettsleg grunnlag

Plan- og bygningslova § 11-14:

Forslag til kommuneplanens samfunnsdel og kommuneplanens arealdel sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn, kunngjøres i minst én avis som er alminnelig lest på stedet og gjøres tilgjengelig gjennom elektroniske medier. Fristen for å gi uttalelse og eventuelt å fremme innsigelse til kommuneplanens arealdel skal være minst seks uker.

Av saksframlegget skal det framgå hvordan virkningene av planen og innkomne uttalelser til planforslaget har vært vurdert, og hvilken betydning disse er tillagt ved vedtaket. Det skal også framgå hvordan planen ivaretar nasjonale og regionale hensyn.

Vurdering

Det er rådmannen si vurdering at plandokumenta er utarbeidd i samsvar med Plan- og bygningslova, Kart- og planforskrifta og fastsett planprogram (KS-sak 010/2015).

Det gjenstår følgjande mindre arbeid med plandokumenta:

- Språkvask av føresegna og planskildring
- Teknisk kontroll av kart

Rådmannen vil ferdigstille plandokumenta før planen vert lagt ut til 1. gongs høyring og offentlig

ettersyn.

Planframlegget er ein temarevisjon og vurderingane i planarbeidet er såleis avgrensa til dei tema revisjonen omfattar. Verknaden av temarevisjonen er omtalt i revidert planskildring. Det er også utarbeidd eiga konsekvensutgreiing for dei nye områda for LNF-spreidd bustad eksisterande (LNF-SBE).

Innkomne merknader til oppstart er gjennomgått og vurdert i samband med vedtak av planprogram, KS-sak 010/2015. Merknadane som har vore særleg viktig i planarbeidet er også omtalt i arbeidsmøte i styringsgruppa, FS-sak 045/2018. Begge saksframlegga er vedlegg til og del av saksframlegg til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn

Det er rådmannen si vurdering at det kan gjerast vedtak om at framlegg til delrevisjon av Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23 skal leggjast ut til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn.

Til høyring vil planframlegget innehalda følgjande reviderte og nye plandokument:

- Planskildring (revidert)
- Plankart (revidert)
- Planføresegner (revidert)
- KU for LNF-SBE-områda (ny)
- GIS-analyse av LNF-spreidd bustad eksisterande (ny)
- Strandsoneanalyse (ny)

I tillegg inngår følgjande gjeldande plandokument og vedlegg i Kommuneplanen for Radøy kommune:

- Samfunnsdelen
- Gjeldande KU
- ROS
- Landskapsanalyse Mangersnes og Syltaneset
- Temakart kjerneområde landbruk
- Temakart landskapstypar og naturmiljø, viltkartlegging

Framlegg til revidert kommuneplan vil i samsvar med framdriftsplan verte lagt ut til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn den 20.11.18. Høyringa vert kunngjort på kommunen si heimeside og i fulldistribusjon Strilen 20.11.18, samt med varslingsbrev til høyringspartar (regionale styresmakter, organisasjonar ol).

Høyringsperioden er lovfesta til 6 veker, men som følgje av at høyringsperioden vil gå over jul og nyttår vert høyringsperioden utvida med 2 veker. Høyringsfrist vert sett til 15.01.19.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til revidert Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23 vert lagt ut til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn med heimel i plan- og bygningslova § 11-14.

Grunngjevinga går fram av saksframlegget, samt saksframlegg til KS-sak 010/2015 og FS-sak

045/2018.

Formannskapet i Radøy - 075/2018

FS - handsaming:

Leiar teknisk forvaltning, Tonje Nepstad Epland, orienterte og svara på spørsmål.

Formannskapet har 5.11.18 motteke eit innspel frå advokatfirmaet Thommessen på vegne av Lingalaks AS. Innspelet er komen inn etter at innkalling til formannskapsmøtet var sendt ut og har difor ikkje vore gjenstand for administrativ saksførebuing og er heller ikkje vedlagt sakspapira.

Ordføraren tok innspelet opp til drøfting i møtet. Ordføraren orienterte om sin kontakt med Lingalaks og historikken i saka.

Rådmannen gjorde merksam på at innspelet frå Lingalaks omhandlar to separate saker: For det første sak som gjeld avslag frå Hordaland fylkeskommune på endra plassering av lokalitet på Toska sør, og som Lingalaks har påklaga til Fiskeridirektoratet. For det andre innspel til delrevisjon av Kommuneplan for Radøy kommune.

Når det gjeld den første saka gjorde rådmannen merksam på at klagen vert avgjort av direktoratet på grunnlag av regelverket som låg føre på vedtakstidspunktet. Radøy kommune sin prosess med delrevisjon av kommuneplanen får såleis ingen verknad for denne saka. Uavhengig av utfallet av klagesaka til Lingalaks har prosessen rundt Toska sør vist at det er viktig å rydda i den motstriden som ligg i gjeldande kommuneplan av omsyn til framtidige saker.

Leiar teknisk forvaltning, Tonje Nepstad Epland, orienterte om planadministrasjonen si vurdering av gjeldande planstatus og framlegg til endringar i føresegnene. Epland innleia med å orientera om historikken kring arealføremålet fleirbruksområde i sjø og akvakultur tilbake til 2011 då gjeldande kommuneplan vart vedteken. Gjeldande kommuneplan har arealføremål fleirbruksområde i sjø på det meste av sjøareala i kommunen. Plankartet har påskrifta FNFF, som står for friluftsliv, natur, fiske og ferdsle. Etter påskrifta i plankartet inngår ikkje akvakultur i fleirbruksområdet. Plankartet og føresegna har komen i motstrid ved at det er ei generell oppramsing av underføremål i føresegna. Planskildringa og konsekvensutgreiingstema i planskildringa støttar plankartet.

Epland orienterte også om at Hordaland fylkeskommune i ei akvakultursak frå 2012 overprøvde kommunen si forståing av arealføremålet og at denne saka har fått konsekvensar for fleire instansar si handtering av akvakultursaker i kommunen. Vidare orienterte ho om kommunen sin dispensasjonspraksis i akvakultursaker når det gjeld mindre avvik i plassering og plassering av fortøyningar.

Når det gjeld framlegg til endringar i føresegna knytt til fleirbruksområde orienterte Epland om at omsynet bak endringa er å fjerna den motstriden som er i plandokumenta i dag, og regulera ein tenleg sambruk av sjøområda. Det er administrasjonen si vurdering at endringa er ei presisering og ei tydeleg planfesting av kommunen sin praksis knytt til gjeldande kommuneplan. Det motsette alternativet, å opna heile sjøområdet for akvakultur, er etter administrasjonen si vurdering ei arealbruksendring som krev konsekvensutgreiing. Dette som følgje av at omsynet bak gjeldande plan aldri har vore å opna sjøområda fritt for akvakultur, og at fleirbruksområdet i sjø aldri har vore praktisert som eit område fritt ope for akvakultur etter gjeldande plan.

Epland gjorde spesielt merksam på at ei innfortolking av akvakultur i fleirbruksområdet vil fråta kommunen all mynde når det gjeld bruk av sjøområda. Etablering og plassering av nye akvakulturanlegg vil vera opp til sektorstyresmaktene, og kommunen vil ikkje ha heimel for å styra arealbruken i eigen kommune. Så lenge kommunen er planstyresmakt og er ansvarleg for tenleg og

berekraftig arealbruk, vil ei slik løysing vera uholdbar for kommunen.

På spørsmål frå ordføraren om det var mogleg å leggja inn ein generell adgang til å leggja inn nye akvakulturområde i sjø gjennom reguleringsplan orienterte Epland om at denne moglegheita for private initiativ til reguleringsplan allereie følgjer av plan- og bygningslova. Ein reguleringsplan i strid med overordna plan vil ha ein nokre tyngre prosess og utgreiingskrav, men så lenge kommunen ønskjer å fremja planen er det ikkje noko juridisk eller prinsipielt til hinder for det.

Rådmannen gjorde merksam på at det har vore tett dialog mellom Lingalaks og administrasjonen i arbeidet med delrevisjon av kommuneplanen, men at administrasjonen i denne dialogen ikkje er presentert for dei tema som advokatfirmaet Thommessen no har teke opp.

Epland sa at ho vil ta problemstillinga med arealbruk i sjø inn i arbeidsgruppa «Planer mot Alver», som har mandat til å utarbeida framlegg til planstrategi for Alver kommune.

Formannskapet hadde ei grundig drøfting knytt til bruk av sjøbruksareal og akvakultur. Ordførar Jon Askeland sa i ei oppsummering at Radøy ønskjer å vera ein oppdrettsvenleg kommune.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Framlegg til revidert Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23 vert lagt ut til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn med heimel i plan- og bygningslova § 11-14.

Grunngjevinga går fram av saksframlegget, samt saksframlegg til KS-sak 010/2015 og FS-sak 045/2018.

Vedlegg:

Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy kommune - temarevisjon - arbeidsnotat for ferdigstilling av plandokument

03_utkast planskildring utan foto_endring raud_KPL delrev 2018

Delrevisjon_2018_supplerende_KU

Plankart_utkast_25102018_Hoppl

KP rev føresegner utkast til offentleg ettersyn 261018

Rapport_FS_redusert_filstørrelse_obs_lav_oppløsning_kart

16012018_Bustadhus i LNF_Buffer 50m_5da

Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy kommune - temarevisjon - arbeidsmøte i styringsgruppa

Kommuneplan for Radøy - revisjon - gjennomgang av innspel og fastsetting av planprogram - Plansak 12602013000200

Radøy kp revisjon_planprogram_2014_etter høyring

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
076/2018	Formannskapet i Radøy	PS	08.11.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	18/2284	18/15834

Evaluering etter uveret Helene

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Formannskapet drøfta i møte 4. oktober beredskapen knytt til vindfalne tre og stenging av fylkesveg 565 i samband med stormen Helene 19. september.

Formannskapet peika mellom anna på at det er bekymringsfullt at det gjekk 23 timar før den sterkt trafikkerte fylkesvegen ved Austmarka vart opna igjen. Trafikken på denne vegen er ein meir trafikkert enn E39 over Romaheimsdalen og E39 over Stord, og det skapte kaotiske forhold då trafikken vart kosa inn på fylkesveg 409 om Sæbø.

Formannskapet reagerer sterkt på manglande handling og prioritering, og ønskjer i møte 8. november å gje ein uttale til aktuelle instansar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Formannskapet i Radøy - 076/2018

FS - handsaming:

Ordførar Jon Askeland la fram følgjande framlegg til uttale - adressert til Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen, BKK og Politiet:

Uttale frå Radøy formannskap etter stormen Helene, september 2018

Formannskapet i Radøy vil gje uttrykk for at me ikkje var nøgde med at FV 565 ved Storheimstø i Radøy vart stengd eit heilt døgn etter stormen Helene 19. september. Me meiner det vart gjort leiarmessige feilvurderingar i situasjonen.

Fakta:

FV 565 ved Storheimstø sør på Radøy var stengt i ca 23 timar, etter at stormen Helene førte til omfattande vindfalne tre over fylkesvegen og veglysa langs vegen. Det var særskild mangelfull informasjon og skilting. Det oppstod kaos på omkøyringsvegen FV 407 om Sæbø, som er totalt ueigna til å ta unna trafikkmengdene, - i alle høve utan dirigering med ein retning om gongen. Politiet kom seint inn i situasjonen, og kommunen opplevde at me vart ikkje kontakta, men måtte vera den aktive parten andre vegen. På FV 407 oppstod det fleire hendingar som kunne fått kritiske konsekvensar.

Vurdering:

FV 565 er på det punktet som vart stengt, kategorisert som overordna fylkesveg, dette er altså ein prioritert veg. Vegen har høg trafikk, truleg mellom 4000 – 5000 ÅDT (målepunkt ved Alversundbrua viser ÅDT på nærare 7000). Altså er trafikken på vegen høgare enn t.d. E39 i Romarheim og på Stord.

Det bur om lag 5000 menneske nord for den stengde vegen (inkl. at ein del på Fedje og Austrheim brukar vegen framfor FV 57 i Lindås). Omkøyingsvegen FV 407 om Sæbø er heilt ueigna til å ta unna dei trafikkmengdene som går på FV 565. Dette viste seg i løpet av dagen, med stort kaos på FV 407. FV 565 er også beredskapsveg for FV 57 i høve næringsareal på Mongstad. Situasjonen på omkøyingsvegen var så kritisk at naudetatane ville ikkje ha kome fram verken med ambulanse, politi eller andre etatar som måtte kome frå sør. Me reagerer også på at politiet ikkje gjekk inn i situasjonen før etter kl 15.00 den 20. september.

Me er ikkje ute etter å fordela skuld i situasjonen, og me takkar alle dei som gjorde ein framifrå innsats både under og etter uvèret. Men, me meiner særleg at vegeigar Hordaland Fylkeskommune og driftsansvarleg Statens Vegvesen bør vurdere og lære av situasjonen.

Me viser til fersk forvaltningsrevisjonsrapport i Hordaland fylkeskommune, som rettar kritikk til rutiner knytt til trafikktryggleik på veg. Me håpar at alle impliserte partar som lærande organisasjonar vurderer tiltak for ettertida, basert på hendinga på FV 565 ved Austmarka for ettertida.

Kommunen si vurdering er at då det lysna av dag morgonen torsdag 20. september, så var det sjølv sagt ei stor oppgåve å få oversikta over den totale situasjonen etter uvèret. Det er på det reine at uvèret førte til større straumutkoplingar enn det vanlege i vinterstormar dei seinare åra. Det tøl sikkert med at ein storm i januar opplevest som meir «vanleg» enn i september. Me har derfor den største respekt for at me hadde ein svært omfattande skadesituasjon denne gongen. Men, i løpet av få timar torsdag føremiddag, burde det vore ei samla prioritering frå vegeigar og kraftselskap om kor innsatsen skulle rettast i prioritert rekkefølge. Etter vårt syn skulle då FV 565 vera prioritert høgare enn me opplevde, ut frå argumenta overfor.

I tillegg til sjølv vegstenginga, vart det ikkje sett inn trafikkdirigering før ca kl 15.00 den 20. september. Det var heller ikkje skilta ved Taule, slik at ein del som kom køyrande frå nord, gjorde unødig tur til Austmarka for så å snu. Kommunen si vurdering er at vegeigar si skilting, trafikkdirigering og informasjon ikkje var god nok med dei trafikkmengdene det her var tale om. Igjen gjeld dette eit stykke ut på dagen, om morgonen var det akutt-tiltak i eit stort område som galdt. Informasjon kommunen fekk i løpet av dagen, kan tyda på at kommunikasjonen mellom vegeigar, kontraktør og BKK ikkje var optimal, og kommunen opplevde ikkje aktivt å få informasjon, men måtte sjølv vera aktiv overfor vegeigar, BKK og politi.

Radøy kommune står til rådvelde om de ønskjer å drøfta og evaluera situasjonen saman med oss. Me er opne for kritisk drøfting av om det var noko me burde gjort annleis.

Formannskapet vedtok framlegg til uttale sett fram i møtet.

FS - vedtak:

Uttale frå Radøy formannskap etter stormen Helene, september 2018

Formannskapet i Radøy vil gje uttrykk for at me ikkje var nøgde med at FV 565 ved Storheimstø i Radøy vart stengd eit heilt døgn etter stormen Helene 19. september. Me meiner det vart gjort leiarmessige feilvurderingar i situasjonen.

Fakta:

FV 565 ved Storheimstø sør på Radøy var stengt i ca 23 timar, etter at stormen Helene førte til omfattande vindfalne tre over fylkesvegen og veglysa langs vegen. Det var sær s mangelfull informasjon og skilting. Det oppstod kaos på omkøyingsvegen FV 407 om Sæbø, som er totalt ueigna til å ta unna trafikkmengdene, - i alle høve utan dirigering med ein retning om gongen. Politiet kom seint inn i situasjonen, og kommunen opplevde at me vart ikkje kontakta, men måtte vera den aktive parten andre vegen. På FV 407 oppstod det fleire hendingar som kunne fått kritiske konsekvensar.

Vurdering:

FV 565 er på det punktet som vart stengt, kategorisert som overordna fylkesveg, dette er altså ein prioritert veg. Vegen har høg trafikk, truleg mellom 4000 – 5000 ÅDT (målepunkt ved Alversundbrua viser ÅDT på nærare 7000). Altså er trafikken på vegen høgare enn t.d. E39 i Romarheim og på Stord.

Det bur om lag 5000 menneske nord for den stengde vegen (inkl. at ein del på Fedje og Austrheim brukar vegen framfor FV 57 i Lindås). Omkøyingsvegen FV 407 om Sæbø er heilt ueigna til å ta unna dei trafikkmengdene som går på FV 565. Dette viste seg i løpet av dagen, med stort kaos på FV 407. FV 565 er også beredskapsveg for FV 57 i høve næringsareal på Mongstad. Situasjonen på omkøyingsvegen var så kritisk at naudetatane ville ikkje ha kome fram verken med ambulanse, politi eller andre etatar som måtte kome frå sør. Me reagerer også på at politiet ikkje gjekk inn i situasjonen før etter kl 15.00 den 20. september.

Me er ikkje ute etter å fordela skuld i situasjonen, og me takkar alle dei som gjorde ein framifrå innsats både under og etter uvèret. Men, me meiner særleg at vegeigar Hordaland Fylkeskommune og driftsansvarleg Statens Vegvesen bør vurdere og lære av situasjonen.

Me viser til fersk forvaltningsrevisjonsrapport i Hordaland fylkeskommune, som rettar kritikk til rutiner knytt til trafikktryggleik på veg. Me håpar at alle impliserte partar som lærande organisasjonar vurderer tiltak for ettertida, basert på hendinga på FV 565 ved Austmarka for ettertida.

Kommunen si vurdering er at då det lysna av dag morgonen torsdag 20. september, så var det sjølv sagt ei stor oppgåve å få oversikta over den totale situasjonen etter uvèret. Det er på det reine at uvèret førte til større straumutkoplingar enn det vanlege i vinterstormar dei seinare åra. Det tøl sikkert med at ein storm i januar opplevest som meir «vanleg» enn i september. Me har derfor den største respekt for at me hadde ein svært omfattande skadesituasjon denne gongen. Men, i løpet av få timar torsdag føremiddag, burde det vore ei samla prioritering frå vegeigar og kraftselskap om kor innsatsen skulle rettast i prioritert rekkefølge. Etter vårt syn skulle då FV 565 vera prioritert høgare enn me opplevde, ut frå argumenta overfor.

I tillegg til sjølve vegstenginga, vart det ikkje sett inn trafikkdirigering før ca kl 15.00 den 20. september. Det var heller ikkje skilta ved Taule, slik at ein del som kom køyrande frå nord, gjorde unødig tur til Austmarka for så å snu. Kommunen si vurdering er at vegeigar si skilting, trafikkdirigering og informasjon ikkje var god nok med dei trafikkmengdene det her var tale om. Igjen gjeld dette eit stykke ut på dagen, om morgonen var det akutt-tiltak i eit stort område som galdt. Informasjon kommunen fekk i løpet av dagen, kan tyda på at kommunikasjonen mellom vegeigar, kontraktør og BKK ikkje var optimal, og kommunen opplevde ikkje aktivt å få informasjon, men måtte sjølv vera aktiv overfor vegeigar, BKK og politi.

Radøy kommune står til rådvelde om de ønskjer å drøfta og evaluera situasjonen saman med oss. Me er opne for kritisk drøfting av om det var noko me burde gjort annleis.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
077/2018	Formannskapet i Radøy	PS	08.11.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/2507	18/15810

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- Nordhordland Revisjon IKS - møteutskrift 8. oktober
- Revidert samarbeidsavtale mellom Bergen Reiselivslag og kommunane i region Nordhordland
- Samarbeidsavtale Bergen Reiselivslag og kommunane i Nordhordland – signert oktober 2018
- Fellesnemnda for Alver kommune – møtebok 1.oktober
- Skjønsmidlar – rektaksering verk og bruk – KDM/Fylkesmannen i Hordaland
- NGIR – protokoll styremøte 3. september
- Orientering v/ordførar og rådmann

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Formannskapet i Radøy - 077/2018

FS - handsaming:

Ullukke i Øygarden: Rådmann Jarle Landås gav ei orientering om ulykke utanfor Øygarden, der ein fregatt og eit tankskip kolliderte og fregatten grunnstøytte. Han informerte om at Radøy kommune følgjer med på utviklinga av mogleg olje- og diesel-utslepp som kan koma inn mot strendene våre.

Dagsenter for heimebuande demente: Else Marie Skartveit Dale (KrF) sette fram følgjande skriftlege spørsmål til møte i formannskapet:

Demens er ein av dei store utfordringane for folkehelse, og er ein sjukdom som i særleg grad rammar eldre menneske. Sjukdommen er ein stor utfordring for den som vert ramma, men det medfører også som regel store konsekvenser for kvardagen til dei pårørnde.

Demensplan 2020 er regjeringa sin plan og tiltak for å betra det kommunale helse- og omsorgstenestetilbodet til personar med demens og deira pårørnde. Eit av tiltaka i denne planen er å lovfesta kommunane si plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens, gjeldane frå 1.januar 2020.

1.januar 2020 er Radøy ein del av Alver kommune, men Radøy kommune pliktar vel å førebu seg på dei lovkrava som ein veit kjem.

Ein annan realitet er at ein stor del av Radøy sin befolkning er eldre. Me må derfor rekna med at antal eldre med demens vil vera aukande.

Kva aktivitetstilbod til heimebuande eldre med demens har Radøy kommune i dag?

Og er dette godt nok tilbod med tanke på varsla lovkrav som kjem frå 1.januar 2020?

Dersom negativt svar på føregående spørsmål; Kva planar har Radøy kommune for å førebu eit tilbod som vert innanfor lovkrava som trer i kraft 1.januar 2020?

Rådmann Jarle Landås svara at kommunen også i dag innfrir nasjonalt krav til dagsenter-tilbod for demente som vert sett i verk 1.1. 2019. Han sa at det kan vera aktuelt å plassera dagsenteret - og andre tilbod, i lokala til brannstasjon og teknisk drift når desse flyttar ut av dagens bygg.

Revisjon: Ordførar Jon Askeland orienterte om prosessen fram mot avgjerda om kva revisjonsselskap Alver kommune skal ha. Kontrollutvalet i dei tre Alver-kommunane kjem innstilling til Fellesnemnda for Alver.

Fylkesmannen møter kommunane: Ordførar Jon Askeland orienterte frå Fylkesmannen i Hordaland si årlege samling med kommunane på Solstrand.

Frukt til dei tilsette: Kommunestyret ba i junimøtet formannskapet å finna ein måte å påskjøna dei tilsette i kommunen for flott jobb og god innsats over lang tid. Rådmann Jarle Landås informerte formannskapet at dei ulike avdelingar i kommunen no får fruktkorg levert ein gong i månad, ei ordning som i første omgang går fram til sommaren. Det er Matsørvis som organiserer ordninga, Omsut som leverer, og det er Aufera som har laga dei fine fruktkorgene.

Formannskapet tok meldingar og referatsaker til orientering, med tillegg som vart sett fram i møtet.

FS - vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Vedlegg:

Nordhordland Revisjon IKS_Møteutskrift 08.10.2018

Revidert samarbeidsavtale mellom Bergen Reiselivslag og kommunane i Region Nord (L)(196154)

Samarbeidsavtale mellom Bergen Reiselivslag og kommunane i Region Nordhordland (L)(196153)

Møtebok+fellesnemnda+01.10.2018

Skjønsmidlar retaksering verk og bruk_KMD

Skjønsmidlar retaksering verk og bruk_KMD

Protokoll frå styremøte i NGIR 03.09.18 (L)(194313)

Protokoll frå styremøte i NGIR 03.09.18 (L)(194313)